



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 03.11.2022
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 10:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	AP	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, møtesekretær Ketil Tjore, konstituert kommunalsjef helse og omsorg Kim André Vangberg, kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås, kommunalsjef oppvekst og kultur Trine Merete Jansen og økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes.

Austrheim 3. november 2022

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
106/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
107/22	Godkjenning av møteprotokoll
108/22	Orienteringsak
109/22	Kommunedirektøren sitt framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023

106/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

03.11.2022 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 106/22 - 03.11.2022 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

107/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Det skal gjerast rettingar som nemnt under sakshandsaminga.

03.11.2022 FORMANNSKAPET

Rettingar foreslått av: Per Lerøy

Det skal gjerast rettingar som nemnt under sakshandsaminga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) og Per Lerøy (Ap) kom med nokre innspel til rettingar i protokollen, mellom anna at kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug hadde blitt til ordførar under sak 088/22.

Møtesekretæren ser over og rettar i protokollen.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg frå Per Lerøy.

FS - 107/22 - 03.11.2022 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

Det skal gjerast rettingar som nemnt under sakshandsaminga.

108/22: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapsmøtet som var sett opp 1. desember, skal flyttast til måndag den 5. desember.

03.11.2022 FORMANNSKAPET

Flytting av formannskap foreslått av:

Formannskapsmøtet som var sett opp 1. desember, skal flyttast til måndag den 5. desember.

I samband med orienteringssaka spurte kommunedirektøren om formannskapsmøtet 1. desember kan flyttast, på grunn av at det kolliderer med Klimasamling for kommunane i Vestland, som blir arrangert av Miljødirektoratet i samarbeid med Vestland Fylkeskommune/Statsforvaltar.

Etter diskusjon i formannskapet var det semje om at møtet skal flyttast til måndag den 5. desember.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg om flytting av neste formannskap vert samrøystes vedteke

FS - 108/22 - 03.11.2022 - Vedtak:

Formannskapsmøtet som var sett opp 1. desember, skal flyttast til måndag den 5. desember.

109/22: Kommunedirektøren sitt framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til [Handlings- og økonomiplan 2023-2026 \(framsikt.net\)](#) (HØP 23-26) vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 25. november. Kl.12.00

03.11.2022 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om budsjettframlegget, jamfør saksutgreiinga.

- Eining for helse og omsorg vil frå 1. januar 2023 heita helse og velferd.
- Spørsmål som politikarane har til budsjettet, skal sendast til post@austrheim.kommune.no, og så vert det lagt inn med svar slik at det er synleg også for andre.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det sett opp at omsorgsbustader på Kaland må utsetjast, og sa at det ikkje er gitt at det er kommunen som skal bygga desse. Kommunen har eigna tomt, men utbygginga kan ein få gjennomført i samarbeid med private byggefirma eller i regi av Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE). Kommunen har tilgang til steinmassar i nærleiken som kan brukast til planering.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 109/22 - 03.11.2022 - Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til [Handlings- og økonomiplan 2023-2026 \(framsikt.net\)](https://www.austheim.net/Handlings-og-okonomiplan-2023-2026) (HØP 23-26) vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 25. november. Kl.12.00
